
Saksnr: 2020/49137-48
Saksbehandlar: Matti Torgersen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		30.11.2021
Fylkestinget		15.12.2021

Kvinnheradpakken - Nytt garantivedtak

Forslag til innstilling

Under føresetnad av godkjenning av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 170 mill. 2021- kr for heile Kvinnheradpakken, med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 187 mill. 2021-kr. Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar

Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Vestland fylkeskommune i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 17 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantien gjeld inntil bompengeselskapet si gjeld er nedbetalt, og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån.

Samandrag

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Dina Lefdal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Saka gjeld behov for endring av garantivedtak som vart gjort av fylkestinget i Hordaland fylkeskommune i desember 2018. Vedtaket i punkt 10 vart:

«Under føresetnad av Kommunal- og moderniseringsdepartementets godkjenning, garanterer Hordaland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 173 mill. kr for heile Kvinnheradpakken, med tillegg av 10 pst. av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 191 mill. kr. Garantien vert gitt med pant i bompengeselskapet sin rett til å krevje inn bompengar.

Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år. Innkrevjingsperioden kan i særskilte tilfelle forlengast med inntil fem år. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 20 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i forbindelse med rekvisisjonar frå Statens vegvesen.»

Samferdselsdepartementet har i brev datert 22. november bedt fylkeskommunen om å gjere nytt garantivedtak knytt til proposisjonen etter vedtak frå juni 2018. Dette skuldast at det vart gjort ei endring i retningslinene for bompengeprojekt i mai 2019 der det ikkje lenger er mogleg med 5 års forlenging og/eller 20 prosent takstauke for porteføljestyrt bompengepakkar. Dette forholdet er omtala i saksframlegget til fylkestingsak 12/2020 den 3. mars 2020 der Vestland fylkeskommune stadfesta garantien som vart vedteke av Hordaland fylkesting. Vedtaket har likevel vist seg å ikkje vere godt nok i forhold til at delsetning om «ein forlenging av bompengeperioden med inntil 5 år» ikkje vart aktivt teke ut av vedtaket.

Fylkesrådmannen har i tillegg lagt opp til å gjere heile garantivedtaket på nytt, slik at det tydeleg kva som er vedteke. Det er i denne samanheng gjort følgjande andre endringar:

- I fylkestinget 9.-10. mars 2021 (Sak 11/2021) vart det gjort ei endring i garantivedtaket knytt til siste setning om at «Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar». Dette etter tilråding frå Vegdirektoratet etter kvalitetssikring.
- Garantibeløpet er justert litt ned ut i frå oppdaterte utrekningar.
- I vedtaket frå 2018 går det fram at det er Statens vegvesen som skal rekvirere midlar til bompengeprojekt. Dette er endra til Vestland fylkeskommune grunna endringar i ansvarforholda etter forvaltingsreforma 2022.
- Samla garantiperiode er redusert til 17 år.

Vedtakskompetanse

Etter finansreglementet punkt 7.1, er det fylkestinget som gjer vedtak om opptak av nye lån.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Det er gjort ein mindre justering av garantibeløpet.

Klima:

Ikkje relevant

Folkehelse:

Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ikkje relevant

Konklusjon

Etter Samferdselsdepartementet si vurdering må det gjerast nytt vedtak om garantibeløp for at departementet skal fremje proposisjon for Stortinget om Kvinnheradpakken. Fylkesdirektøren rår difor til at det vert gjort nytt garantivedtak.